

Fyresdal kommune
Næringsfondet
3870 Fyresdal

8. september 2025

Søknad om etableringsstøtte – Skomedal Service (Kristian Sølyst Skomedal org. nr. 927 447 843)

Eg, Kristian Skomedal, eigar av Skomedal service, ønskjer med dette å søkje Fyresdal kommune sitt næringsfond om etableringsstøtte på kr 40 000.

Om verksemda

Skomedal service skal tilby eit breitt spekter av tenester til innbyggjarar, næringsliv og landbruk i Fyresdal og Vest-Telemark. Eg vil leige meg ut og utføre arbeid innan:

- Mekanisk arbeid og vedlikehald
- Gras- og beitepussing
- Skogrydding
- Enkle snekkeroppdrag
- Bilde- og videotjenester
- Arrangementshjelp
- Bilberging og transport (bil, traktor og lastebil)
- Bilpleie og enkle karosserireparasjonar

Eg har allereie hatt føretak sidan 2021, der eg har teke på meg oppdrag innan bilpleie og vaktmeistertenester på tilfeldig basis. No ønskjer eg å utvikle dette til ei fulltids verksemd, med mål om å skape min eigen arbeidsplass, og på sikt kanskje arbeidsplassar til fleire.

Eg er fødd i 2003 og vaks opp i Fyresdal. Etter grunnskulen tok eg fagbrev som bilmekanikar, lette køyretøy, ved Dalen VGS, med læretid hjå Momrak Verkstad. Etter læretida fekk eg fast jobb der, fram til eg vart innkalla i militæret i april 2024.

Frå april 2024 til juni 2025 tente eg i Porsangerbataljonen som reparasjons- og bergingssoldat. Der fekk eg verdifull erfaring og kompetanse, mellom anna:

- Sertifikat klasse C (lastebil)
- Kurs i lett og tung berging

- G11 og G12 sertifiseringar innan løfteutstyr og lastebilkran
- Kurs i arbeidsvarsling

I tillegg har eg tatt Bilpleieskulen hjå Krefting AS (2021) og fått sertifisering i Autoglym Carbonshield lakkforsegling på Fornebu.

Med bakgrunn i både fagbrev, arbeidserfaring, militær utdanning og kurs har eg eit solid grunnlag for å tilby profesjonelle tenester.

Etableringsstøtta på kr 40 000 vil bli nytta til:

- Verktøy og utstyr som trengst for å kome i gang
- Arbeidstøy og sikkerheitsutstyr
- Marknadsføring og profilering

Dette er nødvendige investeringar for å sikre tryggleik, kvalitet og synlegheit i marknaden.

Visjonen min er å starte forsiktig, bygge eit økonomisk grunnlag og bli kjend med marknaden. Når verksemda er etablert og økonomien stabil, vil eg vurdere større investeringar i utstyr og kanskje eigedom, som kan utvide tilboda og skapa meir lokal verdiskaping.

Eg har tru på at Skomedal Service vil bidra positivt til næringslivet og samfunnslivet i Fyresdal, både ved å tilby eit mangfald av praktiske tenester og ved å kunne gje arbeid til fleire i framtida.

Håpar på positivt svar!

Med venleg helsing

Kristian Sølyst Skomedal
Skomedal Service